

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksak - Landbruksveg - gnr. 415, bnr. 10 - Nordanger - Alver kommune

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi viser til vår melding datert 04.08.2020 der vi varsler behov for synfaring i området. Det vart gjennomført ei kulturhistorisk synfaring den 11.08.2020. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne og potensialet for funn vart vurdert å vera lågt. Vi finn det ikkje naudsynt å gjera ytterlegare undersøkingar.

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne knytt til den planlagde traséen, men det er registrert gravminne i nærområdet. Det er frå før kjent restar av førhistoriske graver og gjenstandar på Åshøyen (Nordanger) gnr. 415, bnr. 10, ein brynerest og ein kniv. Funnstaden ligg nær den planlagde vegen. Skulle tiltakshavar ynskje tiltak i dette området, ber vi om at det tas kontakt med Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune. Vi viser til vår oversikt over kva saker som skal sendast til fylkeskommunen:

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/kva-saker-skal-sendast-til-fylkeskommunen/>

Vi har derfor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader til landbruksvegen når det gjeld kulturminne.

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr  
fagleiar

Sigrun Wølstad  
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift